

Velkomen til
Suldalsheiane

Bli med på
skattejakt!

Opplev natur og kulturminne i området Gullingen - Blåsjø. Denne plakaten er ein av fleire langs vegen innover heia.

Ta deg god tid, på mange av stopp-punkta er det fine høve til ein rusletur i terrenget. Bruk gjerne sykkel mellom postane!


Mykje av Suldalsheiane er lagt ut til landskapsvernområde for å ta vare på natur og kulturminne. Her lever Europas sørlegaste villrein-stamme.

På Suldal Turistkontor og Gullingen Turistsenter kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også oppgåver du kan løysa på turen.

God tur!



Utgitt av Suldal kommune og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.



Fjellveggen fortel historie

Berggrunnen i Suldalsheiane er lagdelt som i ei blautkake. Fjellveggane ved Sandsavatnet viser tydeleg dette.

Underst har me grunnfjellet som er granitt frå jorda si urtid, meir enn 600 millionar år gammalt. Grunnfjellet vart slipt ned til eit flatt platå som låg under havet i jorda si oldtid, for 4-500 millionar år sidan.

Sediment av daude dyr og planter som vart avsett på denne havbotnen vart etter kvart omdanna til skifrige bergarter som fyllitt. Fyllitt er mjuk og kalkrik.

For omlag 350 millionar år sidan fekk me den kaledonske fjellkjedefaldinga då Grønland og Norge "kolliderte". Bergarter frå Norskehavet vart pressa inn over fyllittfjellet. Dette skyvedekket vart liggande på toppen som eit beskyttande lag over den mjuke fyllitten.

Sidan har vatn og is tært på landskapet, særleg dei mjukare bergartane. Berre rester av fyllitten og skyvedekket viser att i dag oppå det flate grunnfjellsplatået.



Lagdelinga i berggrunnen er tydeleg i fjellveggane på nordsida av Sandsavatnet. Særleg grensa mellom det lyse grunnfjellet og den mørke fyllitten er lett å sjå.

Gulsildre (under) er ein vanleg art på fuktige, gjerne kalkrike stader. Under rovfuglreir og elles i kalkrike område med t.d. fyllitt veks ofte den kalkkrevjande raudberg-laven (til høgre).



Dvergfalken jaktar mest på småfugl og hekkar også utanom smågnagarår.

Rovfugl i bergveggen

I fjellveggane ved Sandsavatnet og elles i området, hekkar fleire rovfuglartar. I gode smågnagarår er fjellvåk den vanlegaste. I heiane finn me også jaktfalk, dvergfalk, tårnfalk og kongeørn. Jaktfalk og kongeørn er her også vinterstid.



Smørslagjo

Smørslagjo er ein kjend naturformasjon som ligg under Smørslagnuten like innanfor Stranddalshytta. Det er ei fjellblokk som har falle ned frå fjellsida ovanfor. Blokka består mest av mørk fyllitt. I midten er det eit lag med hard, kvit kvarts, som forvitrar seinare enn fyllitten. Dette har ført til den særprega formen som kan minna om ein smørklatt på eit stettafat.



Velkomen til
Suldalsheiane

Bli med på
skattejakt!

Opplev natur og kulturminne i området Gullingen - Blåsjø. Denne plakaten er ein av fleire langs vegen innover heia.

Ta deg god tid, på mange av stopp-punkta er det fine høve til ein rusletur i terrenget. Bruk gjerne sykkel mellom postane!

Mykje av Suldalsheiane er lagt ut til landskapsvern-område for å ta vare på natur og kulturminne. Her lever Europas sørlegaste villrein-stamme.

På Suldal Turistkontor og Gullingen Turistsenter kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også oppgåver du kan løysa på turen.

God tur!



Utgitt av Suldal kommune og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvern-område med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.



Fjellgarden Ørekvam

I kvelven nedanfor ligg Ørekvam. Her var i si tid den høgast liggjande fjellgarden i Suldal, om lag 500 moh.

På det meste var garden delt i tre bruk og eitt husmannsplass. Om garden ligg høgt til fjells, blei det dyrka både korn og poteter i den lune Ørekvamsgryta. Ørekvamsbøndene kunne hjelpa andre med korn når det var uår.

Det siste bruket vart fråflytt om lag 1917. I dag står berre våningshusa att, men tuftene fortel om korleis det ein-gong var. Ei tuft frå vikingtid (ca år 1000) fortel at garden er gammal.

Fjellbjørkeskog

Skogen på nedsida av vegen er ein såkalla småbregneskog med bjørk som hovud-treslaget. Skogbotnen er dominert av bregner, mest vanleg er smørtelg (bildet under).



Alle fargefoto: Rune Roalkvam



Knut og Marta Ørekvam, begge fødte på 1840-talet. Bildet er tatt av Odd Stråbø om lag 1905. Sonen deira, Osmund, var siste brukaren på Ørekvam då han overtok i 1917. Då han døydde, kjøpte Suldal kommune eigeidomen, som i dag ligg som eit flott friluftsområde.

Ei soge etter Osmund Ørekvam, morfar til Knut, fortel at han såg ein svær orm i Littlefoss-ura, og den såg han fleire år på rad på ei viss tid om sommaren. Større og større vart ormen for kvart år. Umåteleg tjukk var han. Han var grå på lét, fortalde Osmund, og her og der hadde han gule flekker og roser. Han våga seg ikkje i kast med ormen.

Rome er ein vakker, men farleg plante for dyra. Det latinske artsnamnet *ossifragum* viser til at han kan føra til beinskjørhet.



Sauehald i heia

Like ved ser me ei hegn til bruk under saue-sankinga om hausten. Sauen er det viktigaste husdyret i Suldal. Om sommaren går dei fleste på utmarksbeite i fjellet. Tradisjonen med å senda sauene til fjells tok til for om lag 200 år sidan. Om lag 18.000 sauer beiter i Ryfylke- og Setesdalsheiane.

Dette krev at ein har tilsyn med sauene gjennom sommaren. Sauene er utsett for rovdyr som t.d. jerv og ørn. Parasittar som flogemakk fører til sjukdomar. Dei kan og få i seg giftige planter som t.d. rome. Denne planten fører til sjukdomen alveld som m.a. gir nyresvikt. Sauene kan også gå i skårfeste. Det vil seia å setta seg fast på små fjellhyller.

Sauebeiting set preg på landskapet, m.a. ved å halda busk og kratt nede.

Kvar saueflokk er merka i øyra med eigaren sitt kjenneteikn. Dei fleste har også bjølle med ein særeigen klang.



Velkomen til
Suldalsheiane

Bli med på skattejakt!

Opplev natur og kulturminne i området Gullingen - Blåsjø. Denne plakaten er ein av fleire langs vegen innover heia.

Ta deg god tid, på mange av stopp-punkta er det fine høve til ein rusletur i terrenget. Bruk gjerne sykkel mellom postane!

Mykje av Suldalsheiane er lagt ut til landskapsvern-område for å ta vare på natur og kulturminne. Her lever Europas sørlegaste villrein-stamme.

På Suldal Turistkontor og Gullingen Turistsenter kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også oppgåver du kan løysa på turen.

God tur!



Utgitt av Suldal kommune og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvern-område med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.



Foto: Rune Roalkvam

Gullingen og Mosvatnet

Her ved Neikjen har me eit storslagent utsyn mot Gullingen og Mosvatnet. Opphavleg var dette eit stølsområde for mange Suldals-gardar. Vegen over fjellet frå Suldal til Ulladalen vart bygd i 1974 i samband med Ulla-Førre-utbygginga.

Etter dette har området utvikla seg til eit viktig hytte- og utfartsområde i Suldal og Ryfylke. Her er gode tilhøve for kortare og lengre turar sommar som vinter.

Me ser fjelltoppane Gullingen og Grønhovet som dominerer landskapet. Ved foten ligg Gullingen Turistsenter med skitrek og leirskule. Det går køyreveg vidare langt inn i Suldalsheiane, til dei store dam-anlegga ved Blåsjø.



Foto: Rune Roalkvam

Fjellvåken hekkar år om anna i bergveggane ved Skjeggjafossen. Her sit ein unge i reiret. Fjellvåken lever helst av smågnagarar (mus og lemen).

Slik fekk Gullingen namnet sitt

Ein høring som gjette bortved Mosvatnet, kom ein dag oppå ein av nutane på sørsida av vatnet. Der var det ei lita tjørn som var så glitrande blank. Guten stakk staven sin nedi vatnet, og då vart staven til gull. Så duppa han nisteskreppa si nedi, og den vart og til gull. Etterpå løyste han slirekniven

sin og stakk den nedi vatnet, men så kvarv alt gullet. Det var stål i den, må vita.

Då guten kom heim, fortalde han det han hadde vore ute for. Og etter denne hendinga vart nuten kalla Gullingen.

Ta turen til Skjeggjafossen

Frå Skuteheia omlag 700 m.o.h. styrtar Fossane seg utfor dei bratte fyllittberga og ned mot Fidjane. Her kallar me elva Fidjåna som renn ut i Mosvatnet. Mosvatnet ligg på 516-518 m.o.h.

Det er berre omlag 500 meter til Skjeggjafossen, som hovudfallet gjerne vert kalla, det er ei fin naturoppleving. Elevane ved Gullingen leirskule har i sommarhalvåret fast tur her for å kjenna det fossande vatnet.

Den store grusryggen som bilvegen skjer seg gjennom her, er ein morene som vart avsett mot slutten av siste istid. Isen som låg i heile Suldalsdalføret stengde då Mosvatnet sitt utløp nordover, og vatnet vart demma opp, mykje større enn det er i dag. Det rann ut mot sør til Ulladalen. I dag er det ein kunstig dam som stenger for Mosvatnet sitt utløp i nordenden.



Foto: Elin Tjordal Haugen

Spør etter breen

Velkomen til
Suldalsheiane

Bli med på
skattejakt!

Opplev natur og kulturminne i området Gullingen - Blåsjø. Denne plakaten er ein av fleire langs vegen innover heia.

Ta deg god tid, på mange av stopp-punkta er det fine høve til ein rusletur i terrenget. Bruk gjerne sykkel mellom postane!

Mykje av Suldalsheiane er lagt ut til landskapsvern-område for å ta vare på natur og kulturminne. Her lever Europas sørlegaste villrein-stamme.

På Suldal Turistkontor og Gullingen Turistsenter kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også oppgåver du kan løysa på turen.

God tur!



Utgitt av Suldal kommune og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvern-område med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

I løpet av dei siste 2,5 millionar år har fleire istider forma landskapet i Norge. Då har landet vore heilt eller delvis dekket av is. Den siste istida begynte for omlag 100.000 år sidan og varte i 90.000 år. Dei siste isrestene forsvann frå Ryfylke for omlag 8.500 år sidan. Det finst mange små og store spor etter istida.

Isen er heile tida i rørsle. Dei U-forma dalane me finn i Ryfylke, t.d Suldalsdalføret, er eit resultat av isen sin aktivitet når han veks og "renn" mot kysten. Isen fraktar då med seg stein som skurer på fast fjell. Når isen slepp tak i steinane vert desse liggjande att som såkalla **flyttblokker**.

Dersom du følgjer turistløypa i retning Botnavatnet, kjem du snart til nokre svaberg med ulike merke som fortel om korleis breen rørde på seg under siste istid.

Skuringsstriper er lange og parallelle kloremarker etter steinar på undersida av isen.

Sigdbrot er halvmåneforma brotmerke på tvers av skuringsstripene sin retning. Dei blir forma av at stein som vert ført med breen dunkar nedi berget. Det oppstår då sprekker, og små stykke kan bli rivne laus. Opninga av halvmånen vender vanlegvis den vegen isen kom frå.

Parabelriss liknar sigdbrot, men opninga vender seg andre vegen, med isen sin retning. Fjellstykke vert ikkje rivne laust, og dermed framstår sporet som eit riss, oftast mindre synlege enn sigdbrot.




Nokre av flyttblokkene etter istida vart liggjande oppå mindre steinar, som denne på Finnadalsheia. Du vil sjå fleire flyttblokker langs stien mot Botnavatnet.



Over: Utsyn mot Botnavatnet med svaberga i framgrunnen som viser spor etter breen.
Under: Skuringsstriper til høgre i biletet. Slike striper er ikkje alltid like tydelege, og kan forvekslast med striper som skuldast forvitring av mjukare bergarter i den lagdelte berggrunnen.



Over: Parabelriss. Opningane vender mot venstre, noko som viser at isen har bevega seg mot venstre.
Under: Kraftige sigdbrot på Finnadalsheia. Isen har bevega seg mot høgre. Stripene i berggrunnen viser ulik forvitring av harde og mjuke bergarter.



Kartlav. Ein av dei vanlegaste og mest karakteristiske av lavartene våre. Han veks i uregelmessige former som med god fantasi kan sjå ut som kart. Skorpelav som t.d. kartlav veks ikkje meir enn 0,1 mm i året. Store lavskorper kan difor vera mange hundre år gamle. Førekomst av skorpelav hjelper oss å datere tilbaketrekkinga av dagens isbrear.



Skrubbær. Denne planta veks vanleg i bjørkeskogen. I midten ser me dei mange svarte blomane. Fire kvite, om-danna blad fungerer som reklame for insekta. Om hausten kjem det raude, smaklause bær. Planta vert også kalla kaffibloomst.



Hubro (unge). Dette er vår største ugle og hekkar fátallig i Suldal. Du kan vera heldig å sjå han her i området. Om du ikkje ser han, kan du høyra ropet *hu-o* om våren eller finna gulpeboller med ufordøyde rester etter mus og andre bytedyr.

Velkomen til Suldalsheiane

Bli med på skattejakt!

Opplev natur og kulturminne i området Gullingen - Blåsjø. Denne plakaten er ein av fleire langs vegen innover heia.

Ta deg god tid, på mange av stopp-punkta er det fine høve til ein rusletur i terrenget. Bruk gjerne sykkel mellom postane!


Mykje av Suldalsheiane er lagt ut til landskapsvern-område for å ta vare på natur og kulturminne. Her lever Europas sørlegaste villrein-stamme.

På Suldal Turistkontor og Gullingen Turistsenter kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også oppgåver du kan løysa på turen.

God tur!



Utgitt av Suldal kommune og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvern-område med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.



Fjellblomane i Buarekvelven

Ein halvtimes spaseretur herfrå ligg Buarekvelven, ein av dei beste stadene å sjå fjellblomar i Suldal. Det er i det kalkrike fyllittbeltet i dei bratte fjellside-ene at me finn dei flotte fjellblomane. På fjellhyllene her og i urene like nadanfor finn me mange ulike artar fjellplanter. Bergjunker-eren er sjeldan og freda i Norge. Den har si viktigaste utbreiing i Suldalsheiane og er ganske vanleg i Buarekvelven.

Øvst i kvelven finn me reinroseheiar. Reinrosa er ein såkalla indikatorart. Der den veks er det kalk i grunnen, der vil du også finna andre kalk-krevjande blomar.

Der snøen ligg lenge finn me matter med musøyra. Denne dvergbusken er ein viktig beiteplante for m.a. rein, då den er ei av dei mest proteinrike plantene i verda. Av og til kan ein på musøyra finna raude, bærliknande galler med ei lita larve inni.

Buarekvelven med fattig, lyst grunnfjell i framgrunnen og kalkrike, mørke fyllittberg bak.



Fjellfiol

Foto: Elin Tjodal Haugen
Øvrige foto: Rune Roalkvam



Bergveronika



Reinrose



Fjellminneblom



Raudsildre



Musøyre



Rosenrot



Flekkmure



Bergjunker

Gammal havbotn i høgheia

Velkomen til
Suldalsheiane

Bli med på
skattejakt!

Opplev natur og kulturminne i området Gullingen - Blåsjø. Denne plakaten er ein av fleire langs vegen innover heia.

Ta deg god tid, på mange av stopp-punkta er det fine høve til ein rusletur i terrenget. Bruk gjerne sykkel mellom postane!

Mykje av Suldalsheiane er lagt ut til landskapsvern-område for å ta vare på natur og kulturminne. Her lever Europas sørlegaste villrein-stamme.

På Suldal Turistkontor og Gullingen Turistsenter kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også oppgåver du kan løysa på turen.

God tur!



Utgitt av Suldal kommune og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvern-område med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.



Grunnfjellsplatået slik me finn det nær Storvassdammen.

Her i høgheia, omlag 1000 meter over havet, er landskapet påfallande flatt, sjølv om det er oppskore av eit utal små dalføre og vatn. Denne flata danner toppen av det 600 millionar år gamle grunnfjellet. På denne tida, slutten av jorda si urtid, var landskapet slite ned av ulike krefter som forvitring og elveerosjon. Ei slik bølgsjande flate kallar geologane eit "peneplan".

I løpet av jorda si oldtid, 600 - 400 millionar år sidan, steig havet. Då vart sedimentære bergartar avsett oppå denne flata. Seinare kom den kaledonske fjellkjedefoldinga og skauv nye bergartar oppå desse igjen.

I tidene som er gått etter dette, har dei mjukare bergartane øvst for det meste blitt erodert bort, og me har fått fram den 600 millionar år gamle grunnfjellsflata att.



Foto: Rune Roalkvam

Snøsporv

Snøsporven kan du sjå her i fjellet. Han er den av dei norske fuglane som hekkar høgast til fjells, opp til 1700 moh. Me finn han gjerne i dei mest karrige områda, med steinblokker og lite vegetasjon.

Snøsporven lever av insekt, frø og planter. Hannen (biletet) er markant farga i svart og kvitt, hoa har meir grått i fjørdrakta. Reiret med 4-7 egg ligg gjerne under ei steinhelle.

Snøsporven er trekkfugl som gjerne overvintrar i flokkar langs kysten vår.



Foto villrein og dyregrav: Jon Erling Skåtan og Jan Thomassen

Dyra i Dyraheio

Villreinen har gitt namn til Dyraheio, og har vore ein viktig ressurs sidan folk og rein vandra inn etter siste istid. Me finn spor etter jakt frå ca 7000 år tilbake, og villreinjakta betyr framleis mykje for folk kring heiane.

Reinen er særst godt tilpassa livet i det karrige høgfjellet. Klauvane er breie med skarpe kantar til å grava i snø og is. Håra under klauvane isolerer godt, det same gjer dei hule håra i pelsen.

Den lever av planter som det proteinrike musøyra.

Om vinteren er lav den viktigaste føda. Det vert sagt at reinen kan klara seg med så lite lav om dagen som det er plass til i tommelen på ein vott!

Reinen krev store areal og er i stadig rørsle på jakt etter beitemarker. Reinen nyttar dei same trekkvegane frå år til år.

Dei store vasskraftutbyggingane i heiane har ført til store og negative verkander for villreinen. I dag er det omlag 1200 vaksne dyr i Setesdal - Ryfylke.



Foto: SVR

Fangstgraver for villrein var i vanleg bruk frå vikingtida til seinmellomalderen. Før det jakta ein med pil og boge. Etter at skytevåpna kom i bruk på 1700-talet, vart gravene nytta i kombinasjon med våpen. Jakta var svært effektiv, og villreinen vart truga av utrydding sjølv om jakta vart regulert frå midten av 1700-talet. Bruk av dyregraver vart forbode i 1899 og reinen vart freda i 1902-06.

Gravene vart plassert ved trekkvegar. Det vart murt leiegjerder for å styra dyra mot grava. Me finn rester etter dyregraver fleire stader i heia.

Elvejuv, ras og ur

Velkomen til
Suldalsheiane

Bli med på skattejakt!

Opplev natur og kulturminne i området Gullingen - Blåsjø. Denne plakaten er ein av fleire langs vegen innover heia.

Ta deg god tid, på mange av stopp-punkta er det fine høve til ein rusletur i terrenget. Bruk gjerne sykkel mellom postane!

Mykje av Suldalsheiane er lagt ut til landskapsvern-område for å ta vare på natur og kulturminne. Her lever Europas sørlegaste villrein-stamme.

På Suldal Turistkontor og Gullingen Turistsenter kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også oppgåver du kan løysa på turen.

God tur!



Utgitt av Suldal kommune og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvern-område med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

Me står ved utløpet av det mektige elvejuvet som strekker seg frå Nedre Moen (Gåringsmoen) via Øvre Moen og vidare innover Gautejuvet til Gautevatnet. Det er Ulla-elva som har forma dette juvet. Slike elvedalar er gjerne V-forma i tverrsnittet, medan dei som i hovudsak er forma av isen er U-forma.

Langs fjellsidene ligg rester av fjellet som ras-vifter. Ulike typar forvitring samarbeidar heile tida med tyngdekrafta for å bryta ned fjellet. Over det vifteforma raset ligg oftast eit skar, der steinane kjem fra. Slike skar følgjer gjerne svake parti i fjellet. Blokker vert sprengde laust i rasskaret og blir transportert nedover mot dalen i periodar med snøsmelting. Denne prosessen føregår heile tida. Kvar vår vil me sjå at det er kome nytt materiale til. Dei største blokkene ligg nedst mot dalbotnen. Lenger oppe i vifta ligg finare materiale, her er det gjerne vegetasjonskledde parti.

I fjellsider og vegskjeringar med fyllitt veks fjellblomar som den flotte bergfrua, som kan ha mange hundre blomar på kvar plante. Bergfrua er ein større slektning til den sjeldne bergjunkereren, som me m.a. finn i Stranddalen. Dei to artane dannar nokre stader i Suldalsheiane hybrid (kryssing) saman.



Bergfrue



Foto: Rune Roalkvam

På nordsida av dalen er det store rasvifter.

Fisk og fiskemat



Foto: Jon Erling Skåtan og Jan Thomassen

Aure er den vanlegaste fisken i heiane. Fiskebestandane i dei fleste fjellvatna våre er sett ut av menneske. Fisken sjølv kunne ikkje forsera høge fossar under innvandinga etter istida. I nokre fjellvatn, t.d. Blåsjø, er det i seinare tid også sett ut kanadisk bekkerøye.

Auren lever av krepsdyr som t.d. marflo, sneglar og insekt. Flogefiskarar brukar agn som etterliknar insekt som t.d. vårfloger og døgnfloger for å fanga fisk. Dette er insekt som er vanlege langs vassdrag i fjellet. Larvene lever i vatn.

I løpet av 1960-70-talet døydde mange fiskestammar ut som følge av sur nedbør. Særleg vart fjellområde i Rogaland og Agderfylka råka, ettersom det her er lite kalk i det meste av berggrunnen. Dessutan ligg områda nær utsleppstadene i Europa. Dette problemet har minska mykje i det siste, og det er gode fiskebestandar i mange fjellvatn i dette området.

Ønskjer du å prøva fiskelukka, kan du ta kontakt med Gullingen Turistsenter eller Suldal Turistkontor på Sand for informasjon om fiskekort. Er du over 16 år, må du i tillegg løysa fisketrygdavgift.

Du kan nytta floger, sluk, spinnar eller makk. Fisket er oftast best i overskyta ver, gjerne med litt nedbør. Prøv om morgonen eller utpå ettermiddagen.



Foto: Rune Roalkvam

Hestespreng

Hestesprengen finst i store mengder i urene på nordsida av dalen. Blada minner om gulrotblad. Planta fekk namnet avdi hestane fekk "spreng" (koliikk) av å eta henne.

Hestespreng er ei bregne. Ho har to typar blad med ulik funksjon. Dei smale blada tek seg av formeiringa og har sporehus under den innrulla kanten. Dei breie blada tek seg av veksten.



Døgnfloger
Legg merke til tre haletrådar.

Foto: Rune Roalkvam



Vårfloger
Held dei trekanta vengene på ein karakteristisk måte.

Foto: Rune Roalkvam

Stølane ved Sandsavatnet

Velkomen til
Suldalsheiane

Bli med på
skattejakt!

Opplev natur og kulturminne i området Gullingen - Blåsjø. Denne plakaten er ein av fleire langs vegen innover heia.

Ta deg god tid, på mange av stopp-punkta er det fine høve til ein rusletur i terrenget. Bruk gjerne sykkel mellom postane!

Mykje av Suldalsheiane er lagt ut til landskapsvern-område for å ta vare på natur og kulturminne. Her lever Europas sørlegaste villrein-stamme.

På Suldal Turistkontor og Gullingen Turistsenter kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også oppgåver du kan løysa på turen.

God tur!



Utgitt av Suldal kommune og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvern-område med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

Stølsdrifta har vore ein viktig ressurs for gardane i Suldal. Så å seia alle gardane har hatt stolar i heia, gjerne vårstøl i lågheia og sommarstøl i høgheia. Her hadde dei både storfe, geit og sau som nytta dei gode beita. Mellom Sandsaosen og Sandsahytta ligg Haugastøl til Lunde, Tjostheim-Sandsa og Stråpa-Sandsa.

Det var folk på stølen heile sommaren for å ha tilsyn med dyra og ta vare på og foredla mjølka. Melking, ysting og kinning var dei viktigaste arbeidsoppgåvene. Mannfolk saman med rakstejenter arbeidde på utmarksslåttene. Småjenter og -gutar (høringar) gjette dyra, mens budeiene regjerte på sjølve stølen. Gode fiskevatn blei utnytta, noko jakt blei det også drive. Nærare ei totalutnytting av heiaressursane er det vanskeleg å koma.

Bruken av stølane har endra seg opp gjennom tidene. I tider med sterk auke i folketalet vart folk på bygdene pressa til å utnytta alle dei ressursane dei hadde, både heime og i utmarka.

På 1300-talet auka folketalet i Norge. Jordbruksareala i bygdene vart for lite og utmarksressursane vart tekne meir i bruk, med ein topp før Svartedauden kom i 1349. Etter det var det ein nedgong i stølsbruket fram til 16-1700-talet då stølane vart tekne i bruk att. Ein ny topp i stølsdrifta fekk me på midten av 1800-talet, då folketalet igjen var svært høgt.

Storfehold var det viktigaste i stølsdrifta til 1900-talet. Etter 1920 vart geita det viktigaste dyret på stølen. I 1930 var det over 2000 geiter i gamle Suldal kommune. Geita måtte så vika for sauene, som var mindre arbeidskrevjande.

Mekanisering av landbruket og betre kommunikasjonar gjorde at stølsdrifta ebba ut etter 2. verdskrig.



Stråpa-Sandsa i 1917. Sigrid Stråpa med kufflokken utanfor stølsbygningane.



Stølane på Lånene, aust for Sandsavatnet, høyrer til Vasshus.



Kyrne på veg inn til stølane ved Sandsavatnet.

Huldrene som ville til stols

Somme stader flytter huldrefolket inn på stølane når bufolket flytter ned i bygdane.

På ein støl her i Suldal blei bufolket verande litt lenger enn dei pleidde. Best som det var høyrde dei at det kom eit heilt følgje farande. Dei skrangla med bøtter og spann akkurat som når ein fer til stols om våren.

Så høyrde dei det var nokon som sa: 'Fy – her er kristenmannslukt.' Dermed for følgjet forbi og kom ikkje inn. Folket i stølshuset kikka ut gjennom gluggen, og der såg dei at det var nett som ei vanleg buferd med jenter som bar på ambarar og bøtter og ein heil bøling med brannete kyr. Det var huldrene som ville støla, det.

Blåstrupen

Blåstrupen er kanskje den vakraste fuglen i Suldalsheiane. Han vart først funne hekkande i Rogaland her ved Sandsavatnet i 1977.

Blåstrupen kjem til hekkeområda i midten av mai og kjennest på den fine songen og den fargerike fjørdrakta. Han held seg i bjørke- og vierkratt og er ikkje alltid like lett å få auge på. Det er berre hannfuglen som har det karakteristiske blå og raude strupepartiet.



Foto: Rune Roalkvam

Insekt-etaren

Tettegras er ein av dei få insektetande plantene i Norge. Fluer og andre insekt set seg fast i dei klebrige blada. Blada rullar seg saman og skiljer ut fordøyelsesveske som løysar opp proteina i dyra. Slik får plantene eit kjærkome kosttilskot.

Tidlegare vart planta nytta til å syrne mjølka, som vart kalla tettemjolk. Dette gjorde mjølka, t.d. på stølane, meir haldbar.



Foto: Rune Roalkvam

Velkomen til
Suldalsheiane

Bli med på
skattejakt!

Opplev natur og kulturminne i området Gullingen - Blåsjø. Denne plakaten er ein av fleire langs vegen innover heia.

Ta deg god tid, på mange av stopp-punkta er det fine høve til ein rusletur i terrenget. Bruk gjerne sykkel mellom postane!

Mykje av Suldalsheiane er lagt ut til landskapsvern-område for å ta vare på natur og kulturminne. Her lever Europas sørlegaste villrein-stamme.

På Suldal Turistkontor og Gullingen Turistsenter kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også oppgåver du kan løysa på turen.

God tur!



Utgitt av Suldal kommune og Setesdal Vesthei
- Ryfylkeheiane landskapsvern-område med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

Isen forma landskapet




Frå Gullingen Turistsenter har me eit framifrå utsyn opp mot Stavastøldalen og Reinsheia og Mosvatn-området elles. Landskapet her er i stor grad forma av prosessar mot slutten av siste istid, for nærare 10.000 år sidan.

For ca 9.800 år sidan sto vassstanden i Mosvatnet 90 meter høgare enn i dag, sjå kartet til høgre. Dette kom av at ei stor bretunge fylte Suldalsdalføret. Denne strekte seg like opp til Neikjen, som er det høgaste punktet mellom Suldalsdalføret og Mosvatnet. Her finn me i dag ein stor morenerygg som vegen skjer seg gjennom.

Ei anna stor bretunge fylte Ulladalen og området kring Sandsavatnet. Mellom desse to bretungene låg Mosvatnet. Me kallar dette ein bredemmasjø. Utløpet hadde sjøen via Fjellbergskaret, som er forma av dei store vassmengdene som rann her.

I denne sjøen vart det avsett store grus-delta der smeltevasselvane frå breane i området rann ut. Desse avsettingane ser me i dag som tydelege vassrette terrassar kring Stavastøldalen. Dette har gjeve grunnlag for ein rik vokster av gras. Det er difor svært mange stølar i dette området, t.d. Hovestølen og Nyastølen.



Over: Utsyn over Mosvatnet mot nord sett frå Grønhovet.

Til venstre: Mosvatn-området for ca 9800 sidan, då Mosvatnet var demma opp av store isbretunger.



Heipiplerke

Ein karakterart i ope terreng frå kyst til høg fjell og ein av dei vanlegaste fuglane i Suldalsheiane. Han lever av insekt og småkryp og lagar reir i ei gras-tuue. Gauken legg ofte egget sitt i reiret til heipiplerka.

Ta turen til Stranddalen

Velkommen til Suldalsheiane

Bli med på skattejakt!

Opplev natur og kulturminne i området Gullingen - Blåsjø. Denne plakaten er ein av fleire langs vegen innover heia.

Ta deg god tid, på mange av stopp-punkta er det fine høve til ein rusletur i terrenget. Bruk gjerne sykkel mellom postane!

Mykje av Suldalsheiane er lagt ut til landskapsvern-område for å ta vare på natur og kulturminne. Her lever Europas sørlegaste villrein-stamme.

På Suldal Turistkontor og Gullingen Turistsenter kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også oppgåver du kan løysa på turen.

God tur!



Utgitt av Suldal kommune og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvern-område med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

Heieområda i Suldal vart lenge mest brukt til jakt, fiske og støling av bygdefolk. Ved slutten av 1800-talet kom dei første turistane til Suldal, og Suldal vart eit viktig reisemål i Norge. Medan bygdefolk alltid hadde eit ærend når dei var i heia, ønskte turistane berre å sjå seg om, spasera og feriera. Dei var gjerne utlendingar, etter kvart kom norske byfolk til.

Stavanger Turistforening vart etablert i 1887, og Suldal vart det viktigaste arbeidsområdet for foreninga. Turisthytta på Bleskestadmoen vart bygd i 1891, som den første av mange hytter i Suldalsheiane. Dei første fjellturistane nytta heia sommarstid, seinare vart også skigåing vanleg, særleg i påska.

Påskeutfarten frå Stavanger-området auka på i mellomkrigstida. Det var ikkje plass til alle i turisthytter, og privathytter var det få av. Mange leigde seg difor stølshus av bøndene. Desse fekk ekstraintekt på leige og transport og tok seg godt av gjestene. Det vart eit godt forhold mellom byfolk og bygdefolk.

Etter 2. verdskrigen avtok den store påsketraffikken til stølane. Frå 1960-talet vart det vanleg å få seg eiga hytte i fjellet, i dag er det over 2000 hytter i Suldal.

Stavanger Turistforening har vore viktig i utviklinga av Suldal som ein reiselivskommune. Stranddalshytta er den einaste betjente turisthytta i Suldal, og er eit populært turmål både for turistar og bygdefolk. Stranddalen vert gjerne kalla "perla i Ryfylkeheiane", ikkje minst på grunn av den flotte naturen med naturformasjonar som Smørslagjo og Stranddalsgubben. Geologien og fjellfloraen her er vidgjeten.

God tur til Stranddalen!



Stranddalen i sikte! Turen frå Øvre Moen til turisthytta tek gjerne eit par timar. Etter den bratte første kneika, går turen i fint, småkupert terreng. Hytteanlegget er synleg på lang avstand. Foto: Rune Roalkvam



Bygdefolk nytta gjerne hest når dei frakta varer til støls, enten som her til eige bruk eller til påsketuristar. Mellom Suldalsosen og Sandsa ca 1915. Foto Odd Stråbø.



Påsketuristar i Stranddalen i 1930. Turisthytta frå 1920-talet i bakgrunnen. I dag er gamlehytta erstatta av eit flott turistanlegg. Foto Finn Johannessen.

Fjellsmelle

Stranddalen er det best kjende området for fjellplanter i Rogaland. Det skuldast den kalkrike fyllitt-en som dominerar berggrunnen i området. Mange av fjellplantene trivst best med kalk i berggrunnen.

Fjellsmella er ein av dei vanlegaste fjellplantene. Ho høyrer til nellik-familien og veks i tette tuer som set rosa farge på fjellknausane. Store tuer med fjellsmelle kan vera 100 år gamle! Tueformen bidrar til å halda på fuktigheten og skapar gunstige vekstvilkår også på utsette stader i høgheia.



Foto: Rune Roalkvam

Matkammeret i høgheia

Jakta på villreinen har alltid vore viktig for bygdefolket i Suldal. Når dei snakkar om dyr, er det alltid villrein det er snakk om, og heiane aust for Suldalsvatnet kallar dei Dyraheio. Til overnatting nytta dei i tidlegare tider hidlerar, seinare vart det bygd jord- og steinhytter. Nokre av desse står endå i heia, men er for det meste erstatta av meir moderne hytter.



Ei vellukka jakt i Dyraheio.



Jordhytta i Breiavad, eit stykke aust for Stranddalen. Foto: Eskil Nerheim



Det var tronge kår for jegerane inne i jordhytta i Breiavad, men hytta ga livd mot ver og vind. Foto: Eskil Nerheim